



Johannes Hauge har nett henta egg i hønssegarden.

**Kvar onsdag skipar Kvinnherad kommune sitt bedriftsidrettslag til tur etter arbeidstid. Onsdag i veka gjekk turen til Skorpo. Påmeldinga var god, og mange fekk sjå og oppleva eit ukjend landskap for dei fleste.**

Turen gjekk framom tunet oppe i Skorpo. Her fekk ein møta Johannes Hauge som driv eit tradisjonelt landbruk slik det var for 40 år sidan. Potetene er alt komne i jorda og sauene lembe ute. På toppen fekk alle innføring i landskapet slik det er forma i den siste istida for 10000 år sidan. Jettegrytene er godt synlege og store flyttblokker ligg på toppane.

Turen vart avslutta med synfaring i båtverkstaden til Ole Kristoffer Vågen. Det er ei travel tid med slipping av eldre trefarty og fiskebåtar.



Ei lita, men godt synleg jettegryte, eit naturminne tilbake til den siste istida

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland.